



Det bør visast tydelegare i kartet korleis det nye krysset vert utforma, skriv vegvesenet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Statens vegvesen har no gjeve uttale om reguleringsplanen for Beinavikjo/Uskedalen Brygge og er godt nøgde med at planen reduserer talet på avkøysler frå riksveg 48.. Nokre av dei er i tillegg svært dårlege avkøyringar, skriv vegvesenet. Men det må visast parkeringsplass for andre enn dei som "høyrer" til i området.

Likevel vil vegvesenet merka at krysset mellom lokalveg og riksveg 48 er utforma vinkelrett på riksvegen, men det viser trafikkareal på heile eksisterande vegbreidd og nytt kryss. Dette er noko forvirrande og det bør visast tydelegare i kartet korleis det nye krysset vert utforma.

Det er ikkje lagt inn ei tyeleg byggjegrænse i planen mot riksvegen anna enn for B1-området. I utgangspunktet er byggjegrænsa 50 meter dersom ikkje anna er sagt. Det bør leggjast inn byggjegrænse mot veg sjølv om det i dag kan oppfattast som om formålsgrænse mellom byggeområde og friluftsområde utgjer byggjegrænse for resten av planen.

Ellers er det uklart for vegvesenet korleis ein har tenkt nytta dei båt plassane som er merka opp i planen. Dersom desse er tenkt nytta av andre enn dei som "høyrer til" i planområdet, må det visast til parkeringsområde også for desse plassane.

Erfaringsmessig vil eigarar av båt plass køyre til båten og dermed ha trong for parkeringsplass i tilknytning til båt plass. Vegvesenet kan ikkje sjå at det er avsett slikt areal til parkering.

Hvis dei ikkje får noka orientering kring spørsmål om parkeringsareal for andre enn bebuarar/hyttebuarar i feltet, vert krav om slike å sjå på som motsegn til planen.

Av Ola Matti Mathisen